

Bømlo Kommune
Att:
Rådhuset Leirdalen 1
5430 Bremnes

Bømlo kommune - Oppstartsvarsel for reguleringsplan for gnr20 bnr12 mfl. Serklau industriområde

Vi syner til brev frå Abo Plan & Akitektur Stord AS datert 16.02.22 med varsel om oppstart av reguleringsplan for Serklau industriområde i Bømlo kommune. Vi beklagar at vi ikkje har handsama saken før no.

Føremål og planstatus

Føremålet med planarbeidet er å regulere eksisterande og nytt industriområde på Serklau i Mosterhamn. Vidareutviklinga av område vil bidra til nytt tilgjengeleg areal for marine/maritime næringsverksemdar. Kommuneplanen regulerer planområdet til næring, hamn, LNF, bruk og vern av sjø og vassdrag og område der reguleringsplanar er gjeldande. Område i sjø og næringsområdet er omfatta av bandleggingssone H710_82 (krav om reguleringsplan).

Fiskeridirektoratet sin rolle i planarbeid

Fiskeridirektoratet er styresmaktene sitt rådgjevande og utøvande organ innan fiskeri- og havbruksforvaltninga. I saker som får følgje for desse næringane, er det vårt ansvar å sikre deira interesser samstundes som vi skal sikre omsynet til det marine biologiske mangfaldet. Dei marine leve- og oppvekstområda, som til dømes gytefelt, er særleg viktige å ta vare på, slik at komande generasjonar også kan hauste frå havet.

Våre innspel

I kartverktøyet vårt [Yggdrasil](#) er det i planområdet i sjø registrert fiske med passive reiskap. Nord for planområdet ligg eit gyteområde, og i aust ligg ein fiskeplass for aktive reiskap, mellom anna reketråling. Gyteområde er sett av til *Fiske* i gjeldande kommuneplan, medan rekefeltet er sett av til *Kombinerte føremål i sjø og vassdrag med eller uten tilhørende vassdrag*. Med utarbeiding av planen ber vi om at det takast omsyn til desse områda slik at viktige fiskeområde ikkje beslagleggast eller påverkast negativt.

Vi ber om få planen på høyring.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Charlotte Skeide Norseng
rådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.

KOP



Mottakarliste:

Bømlo Kommune

Rådhuset Leirdalen 1

5430

Bremnes

Kopi til:

Abo Plan & Arkitektur Stord As

Kystverket

Statsforvaltaren I Vestland

Vestland Fylkeskommune

Torgbakken 9

Postboks 1502

Njøsavegen 2

Postboks 7900

5411

6025

6863

5020

Stord

Ålesund

Leikanger

Bergen

KOP

